



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
02.07.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/8511  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 OSLO

### Register for godkjenning og kontroll - ROBEK

Fylkesmannen vil med dette brevet gi dei nyaste opplysningane til registeret for godkjenning og kontroll, jf. kommunelova paragraf 60.

#### Bømlo kommune (kommunennummer 1219)

Kommunen hadde eit meirforbruk med om lag kr. 3 ½ mill. i rekneskapen for 2013. Kommunestyret har i møte 16. juni d.å. godkjent rekneskapen for 2013 og gjort vedtak om at underskotet for 2013 skal dekkast inn i 2015.

#### Stord kommune (kommunennummer 1221)

Kommunen blei registrert i 2011. Kommunen hadde ved utgangen av 2012 eit oppsamla rekneskapsunderskot med kr. 44,1 mill. Det var fordelt mellom kommunekassa (kr. 16,3 mill.) og kommunale føretak (kr. 27,8 mill.).

Kommunen hadde eit mindreforbruk i rekneskapen for 2013 med kr. 32,5 mill. Kommunestyret har ved godkjenning av årsrekneskapen for 2013 vedteke å nytta mindreforbruket frå 2013 til å dekkja inn heile det attståande underskotet for kommunekassa og ein del av underskotet i kommunale føretak.

Det står difor no att underskot samla (kommunen som konsern) for to kommunale føretak med til saman kr. 11,5 mill. Det er planlagt dekt inn i 2014.

Registrering blir på denne bakgrunn vidareført og vurdert på nytt etter årsrekneskapen for 2014.

#### Kvinnherad kommune (kommunennummer 1224)

Kommunen blei i 2012 registrert på grunnlag av kommunelova § 60 punkt c. Ved utgangen av 2012 stod det att eit oppsamla underskot med om lag kr. 5,8 mill.

Kommunen hadde eit mindreforbruk i 2013 med kr. 62,8 mill., etter bl.a. inndekning av tidlegare meirforbruk på rekneskapen. Resultatet i 2013 er knytt til verdistigning på fondsmidlar. Mindreforbruket i rekneskapen blir sett av til fond, det vil seie Kraftfondet og disposisjonsfond.

Kommunen blir på denne bakgrunn teken ut av registeret.

Voss kommune (kommunenummer 1235)

Kommunen hadde eit oppsamla rekneskapsunderskot ved utgangen av 2012 med om lag kr. 20,3 mill. Underskotet var frå 2011 (kr. 9,1 mill.) og 2012 (kr. 11,2 mill.).

Det er i 2013 gjennomført underskotsinndekning med kr. 18 ½ mill., slik at attståande rekneskapsunderskot ved utgangen av 2013 er kr. 1,8 mill. Det er planlagt dekt inn i 2014.

Etter underskotsinndekning, driftsfinansiering av investeringar og avsetjing bundne fond er det i årsrekneskapen for 2013 eit mindreforbruk på i underkant av kr. 7,0 mill. Kommunestyret har vedteke å setje dette av til disposisjonsfond.

Kommunen blir på denne bakgrunn ikkje registrert.

Fjell kommune (kommunenummer 1246)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2013 med kr. 15,6 mill. Kommunestyret har vedteke å bruka kr. 15,6 mill. av disposisjonsfondet til inndekning av meirforbruket i rekneskapen for 2013.

Pr. 31.12.2013 er disposisjonsfondet redusert til om lag kr. 90 mill. etter meirforbruket i 2013. Sjølv om det er meirforbruk - dekt med bruk av disposisjonsfond - også i 2013, er resultatata betra i høve til 2011 og 2012.

Osterøy kommune (kommunenummer 1253)

Kommunen er registrert på grunnlag av kommunelova § 60 punkt c og d. Kommunen har i 2013 dekt inn kr. 2,85 mill. av tidlegare meirforbruk i rekneskapen og har ved utgangen av 2013 eit attståande underskot med i underkant av kr. 11,3 mill.

Av underskotet kjem kr. 3,1 mill. frå 2012 og resten av underskotet frå 2008. Departementet har i brev av 14.juni 2013 godkjent med heimel i kommunelova § 48 fjerde ledd at kommunen kan dekkje inn underskotet frå 2008 i 2014.

Fylkesmannen har i samband med lovlegkontroll av årsbudsjettet for 2014 lagt til grunn at heile det attståande rekneskapsunderskotet, i underkant av kr. 11,3 mill., blir dekt inn i år.

Registrering blir vidareført.

Meland kommune (kommunenummer 1256)

Kommunen har vore registrert på grunnlag av kommunelova § 60 punkt c og d. Kommunen hadde eit oppsamla rekneskapsunderskot ved utgangen av 2012 med kr. 18,1 mill.

Kommunen hadde eit høgt netto driftsoverskot i 2013. På dette grunnlaget har kommunestyret i sak om rekneskap og årsmelding for 2013 vedteke at det oppsamla rekneskapsunderskotet, kr. 18,1 mill., i sin heilskap blir dekt inn i 2013.

Etter underskotsinndekninga m.m. er det i årsrekneskapen for 2013 eit mindreforbruk med i overkant av kr. 3,0 mill. Kommunestyret har vedteke å nytta mindreforbruket for 2013 til å styrka kommunen sitt disposisjonsfond, i samsvar med Fylkesmannen si tilråding.

Kommunestyret har i møte 18. juni d.å. gjort vedtak om økonomiplan for perioden 2015 - 2018.

Kommunen blir på denne bakgrunn teken ut av registeret.

Oppsummering

Kommunane Kvinnherad og Meland blir teken ut av registeret. Registrering blir vidareført for kommunane Stord og Osterøy. Ingen nye kommunar blir registrert.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Gjenpart til:

Bømlo kommune, Rådhuset, Leirdalen 1, 5430 Bremnes  
Stord kommune, Postboks 304, 5402 Stord  
Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal  
Voss kommune, Postboks 145, 5701 Voss  
Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume  
Osterøy kommune, Rådhuset, 5282 Lonevåg  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*